

INNTAKSREGLAR FOR HUNDEIDVIK PRIVATSKULE

§ 1. Generelt

Opptak av elevar til Hundeidvik privatskule skal vere i samsvar med privatskulelova, forvaltningslova og dei reglane for opptak som styret har vedteke.

§ 2. Elevinntak

I tråd med privatskulelova §3-1 vil Hundeidvik privatskule vere open for alle grunnskuleelevar i barneskulen så langt plassen gjev høve til det.

Dagleg leiar og styret for privatskulen avgjer kor mange elevar som kan takast inn for skuleåret ut frå kapasiteten ved skulen.

Dersom det vert fleire søkjrarar enn der er plass til, skal ein utføre inntaket etter følgjande prioritering:

1. Born busette i Hundeidvik krins.
2. Born med sysken ved privatskulen.
3. Born av tilsette.
4. Dersom born stiller likt etter ovanforståande, skal rekkjefylgja avgjerast ved loddtrekking.

Vedtak om inntak til privatskulen er eit enkeltvedtak og kan klagast inn til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

§ 3. Kunngjeringar

Innan 1.desember året før, skal informasjon om inntak for komande skuleår offentleggjerast i eigna avisar.

Kunngjeringa skal gje naudsynte opplysningar om søknadsfrist og kva klassetrinn det kan søkjast for.

Søknadsfristen skal kvart år vere 31. januar, eller, dersom dette er ein heilagdag, den fyrste kvardagen etter 31.januar.

§4. Gjennomgang av søknadane

Når søknadsfristen er ute, skal styreleiar og rektor i fellesskap gå gjennom dei innkomne søknadane og leggje fram ei skriftleg tilråding om inntaket for resten av styret. I tillegg skal det leggjast fram tilråding til prioritert venteliste (§ 6). Styreleiar kan peike ut ein annan frå styret til å ta del i dette arbeidet. Styret tek endeleg avgjerd om inntak.

§ 5. Melding om opptak – fristar

Rektor melder frå om inntaket på bakgrunn av avgjerala i styret. Melding om inntak eller plass på prioritert venteliste, skal finne stad innan 6 veker etter at søknadsfristen gjekk ut. Brukarane har tre vekers frist til å seie frå om dei tek plassen.

Styreleiar melder frå til heimkommunane til dei elevane som har fått plass ved Hundeidvik privatskule innan 1 veke etter endeleg og avslutta opptak.

§ 6. Prioritert venteliste

Som eit ledd i arbeidet med elevinntaket ved skulen skal det også setjast opp ei prioritert venteliste. Denne lista skal nyttast dersom ein eller fleire av elevane likevel ikkje nyttar plassen ved skulen.

Dersom det i løpet av skuleåret vert ledig plass ved skulen, skal den prioriterte ventelista verte nytta også i slike tilfelle.

I særlege tilfelle kan denne fråvikast etter vurdering av styret og dagleg leiar.

§ 7. Endring av inntaksreglane

Endring av inntaksreglane kan gjerast av styret for skulen i tråd med privatskulelova, forvaltningslova og skulen sine vedtekter.